SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkesordføraren

Sakshandsamar:
Kristin Rundsveen
E-post: Kristin.Rundsveen@sfj.no
Tlf.: 90890713

Vår ref.
Sak nr.: 19/184-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
11331/19

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 07.03.2019

Kommunal- og Moderniserings- Departementet
Postboks 8112 DEP

0032 OSLO

Gjennomgang av inndeling for regional stat - oppfølging av regionreforma

Sogn og Fjordane fylkeskommune har desse innspela;

KMD sitt utgangspunkt er at: *«Statsetatene bør ha stor grad av frihet i å vurdere behovet for regional og lokal organisering i lys av endringer i målgruppenes behov, mønster for brukerkontakt, samordningsbehov med andre aktører, spesialiseringsbehov og digitaliseringsmuligheter».*

Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner staten burde tatt eit omvendt utgangspunkt. Staten burde i utgangspunktet samordne alle statleg regional verksemd, og gjere unnatak der det verkar rimeleg. Med ei slik tilnærming ville det ligge betre til rette for god samhandling mellom statleg og fylkeskommunale verksemd – i dei nye regionane. Ein ville dessutan ha lagt betre til rette for naudsynt samhandling mellom ulike statlege etatar. Vi meiner det er mykje å hente også på dette siste området.

Beredskap
I all krisehandtering i Norge er det dei fire prinsippa ansvar, likskap, nærleik og samvirke som er styrande. Etatar som har oppgåver knytt til beredskap bør i størst mogeleg grad ha samanfallande grenser (Politi, Helse, Sivilforsvar, Heimevern, NVE og Statens Vegvesen). Dette for at dei skal kunne førebygge kriser og ha effektiv og samordna krisehandtering.

For å sikre god styring og tryggleik bør geografiske grenser til berdeskapsetatane i størst mogleg grad harmoniserast – det såkalla samordningsprinsippet som blei til etter 22. juli-granskinga. Koordinering av beredskap er eit viktig område som ikkje har blitt godt nok handtert.

Samordning regionalt må ikkje føre til at ressursane vert flytta vekk frå det som er noverande Sogn og Fjordane. Det er viktig å skilje mellom organisering og lokalisering.

Statens Vegvesen
Når det gjeld framtidig organisering og lokalisering av fagmiljø i Statens vegvesen (SVV), meiner vi det er viktig å halde på ein desentralisert struktur der kompetanse og kapasitet er nær der oppgåvene skal løysast. Region vest har i dag dei største investeringane og dei mest teknologisk utfordrande prosjekta. Det er viktig å oppretthalde fagkompetanse og fagmiljø som er bygd opp gjennom dette arbeidet. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane forventar at SVV tek vare på viktige fagmiljø og tenestetilbod, og at oppgåver, funksjonar og arbeidsplassar ikkje forsvinn ut av regionen dei pågåande prosessane.

Den framtidige organiseringa regional stat må spegle at regjeringa meiner alvor med statleg lokaliseringspolitikk. Den må følgje opp måla i kommune- og regionreforma, med nye oppgåver til sterkare fylkeskommunar og kommunar.

Med helsing

Jenny Følling
fylkesordførar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Mottakar (ar)
Kommunal- og Moderniserings- Departementet Postboks 8112 DEP 0032 OSLO